



Miriam Sæle Kårstad frå Uskedalen er vald som leiar av dei unges kommunestyre. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Ho likar leiar-rollar og later ikkje til å gruve seg det aller minste, 18 år gamle Miriam Sæle Kårstad frå Kleivadalen i Uskedalen sjølv om ho no er vald til leiar for Ungdommens kommunestyre i Kvinnherad. - Det blir berre ei gjeste-rolle, men eg får freiste å gjera det beste utav ho, seier ei sprudlande Miriam til uskedalen.no.

Faren og morfaren hennar er frå Førde og at Miriam budde der frå ho var eitt til ho vart sju år kan framleis sporast i dialekta.

- Men eg er 100 prosent uskedaling, presiserar ho.

No går ho siste året på KVV, der overskrifta over det første året hennar var helse og sosial og over det andre året barn og ungdom. I tredje året er ho i gang med påbygg for å få studiekompetanse og frå hausten ventar vidare studiar ein eller annen stad som ho førebels ikkje kjenner.

Ho har alltid hatt mest lyst til å bli barnevernspedagog, men er open for sjukepleiaryrket som eit alternativ. Snart skal ho på jobbmesse i Bergen og det blir spanande.

- Det bør i alle høve vera noko som har med omsorg å gjera og helst for unge og ungdom. Eg likar å arbeida med folk og ha ei kjensle av at eg gjer noko positivt, seier Miriam.

Men først litt om vervet som ho nå går til: Personalmangelen på Kultur og Fritid i kommunen gjorde at dei måtte leggja ned UKK i tre år og prioritera MOT og ungdomsklubbane. Men no er Ungdommens kommunestyre i funksjon att og dermed er det igjen mogeleg å søkja UKK om stønad til aktivitetstilbod. Det står 60.000 til rådvelde kvart år, og vanlegvis blir halvparten delt ut i halvåret. UKK bestemmer kva tiltak som skal få pengar og kor mykje. Mellom dei prosjekt som har fått støtte frå Ungdommens kommunestyre tidlegare er ballbingen i Korsneset.

Det er 15 representantar i det nye UKK og dei er valde frå sine respektive skular. Miriam er ein av fire frå KVV og

den einaste frå Uskedalen. Litt overraska var ho då det kom framlegg om henne som leiar, men ho var slett ikkje inne på tanken om å takka nei.

Miriam har ein svært fersk leiar-suksess å sjå attende på, nemlig den som sjef for den siste russerevyen. Den gjekk for eit overfylt og eit nesten fullt hus og ga eit overskott på 70.000 kroner som dei enno ikkje har bestemt kva skal brukast til. Kritikane var strålande og Miriam spela sjølv i fleire sketsjar.

Nokon programerklæring for vervet som leiar i UKK kan ho naturleg nok ikkje komma med enno, først må ho sette seg inn i hva styret skal styre med. Men ho er naturleg nok oppteken at at ungdommen får eit godt tilbod også i fritida.

- Er du interessert i politikk?

- Nei, det er eg ikkje, men eg er veldig engasjert i kva som skal og bør skje i kommunen, Her er ikkje minst eit godt tilbod til dei unge vesentleg.

- Kva meiner du om tilbodet i dag?

- Det spørs kva for ei aldersgruppe det gjeld, men sjølvsagt ser eg at det bør styrkjast både her og der. Når det gjeld akkurat Uskedalen, er eg svært glad for at ungdomslaget kanskje får ny fart på teatergruppa.

Av Ola Matti Mathisen